


Program

Tysvær Sosialistiske Venstreparti kommunevalet 2023

Innleiing



SV definerer seg som eit sosialistisk, feministisk og antirasistisk miljø- og fredsparti.

Tysvær må ta på seg sin del av ansvaret for ei berekraftig utvikling lokalt, nasjonalt og globalt. I staden for ukritisk vekst – «Meir av alt - raskare» - må me stansa opp og spørja kva som skal til for å sikra gode vilkår for menneske, natur og klima på kort og lang sikt.

Felleskap og samarbeid må erstatta oppsplitting og hard konkurranse. Tysvær SV brenn for eit varmare samfunn, og mottoet er: »For dei mange, ikkje for dei få».

I programmet vårt, har Tysvær SV tatt utgangspunkt i kommuneplanen som det viktigaste styringsdokumentet i kommunen. Han skal gjelda i perioden 2023-2035. Me listar

opp kommunen sine uttalte visjonar, og legg til vår eigne strategiar som skal oppfylle desse visjonane.



Tysvær SV sine kandidatar til kommunevalet.

Frå venstre: Jan Øvernes (4. pl.), Hildegunn Flengstad (1. pl.), Henning Bratthammer (2. pl.) og Synnøve Bredal Bjelland (3. pl)

Saman om utvikling av kommunen

Formuleringar i kommuneplanen:

Berekraft har tre dimensjonar: Miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.

Miljømessig berekraft handlar om å sikra at ressursbruk og aktivitetar i samfunnet skjer på ein måte som ikkje skadar miljøet eller øydelegg naturen.

Økonomisk berekraft handlar om å sikra ein økonomisk vekst og utvikling som ikkje skadar miljøet eller skaper urettferdighet mellom ulike grupper i samfunnet.

Sosial berekraft handlar om at å sikra at alle menneske har muligheter til å leva gode liv og at ingen skal utelatast (leaving no one behind).

For å få dette til trengs det eit robust samfunn, kjenneteikna ved fokus på :

- **ansvarleg økonomi**
- **lokal og regional næringsutvikling**
- **aktiv og inkluderande kommune**
- **grønare utvikling**

«Tysvær består av mange tettstadar og bygder der innbyggjarane opplever å høyra til, samhald og identitet knytt til lokalsamfunnet sitt. Dette er ein styrke som skal vidareutviklast. Heile kommunen skal brukast, og innbyggjarane skal kunna leva gode liv uansett kor dei bur. Det skal vera høgt fokus på nærmiljøkvalitetar som tilgang til møteplassar, naturkvalitetar, kulturmiljø og stads-kvalitetar når det skal utviklast buområde.»

Kommuneplan:

«I Tysvær er me saman om å skapa ein ansvarleg økonomi»



Kommuneplanen:

«I Tysvær blir det jobba systematisk med forbetningsarbeid»

Tysvær SV:



- Stabilitet i tenestene, slik at dei tilsette får ro og tillit til å utvikla seg nedanfrå og opp, i staden for stadige omstillingar styrt frå toppen.
- Leggja til rette for kritiske analyser internt, og utvikla opne bedriftskulturar med stor fagleg ytringsfridom. Dette er grunnlag for kreativitet, forbetring og trivsel.
- Dreier ressursinnsatsen mot førebygging og tidlig innsats, særleg retta mot barn og unge. Ta brukarane sine erfaringar inn i kontinuerleg læring og kvalitetsutvikling. Høg kompetanse på grunnplanet.
- Satsar på lokale arbeidsplassar i bygdene, sjølvberging, sirkulær økonomi og gjenbruk. Samarbeider interkommunalt for å skapa robuste, heilskaplege og kostnadseffektive løysingar.
- Sterke offentlege tenester og profittfri velferd, men gjerne samarbeid med non-profitt ideelle organisasjonar. Tysvær skal vera ein skatteparadis-fri kommune.

Kommuneplanen:

«Tysvær kommune har berekraftige tenester med god kvalitet»

Tysvær SV:



- Jobbar aktivt med å rekruttera nødvendig kompetanse innanfor kommunale tenester. Kommunal og interkommunal kompetanseutvikling i staden for innleige av eksterne konsulentar.
- Fokuserera på meistring i eigen kvardag gjennom tidlig innsats, førebygging og helsefremjande arbeid i alle delar av kommunen.
- Unngå oppsplitting og sentralisering av tenester; støtta fleksible, ambulante, tverrfaglege tenester.
- Legga til rette for sosialt entreprenørskap som set innbyggjarane i stand til å være ein del av løysinga. Dette kan ta til i skulen i form av ungdomsbedrifter, gjeldande i heile kommunen. Godt samarbeid med lokalt næringsliv.

Kommuneplan:

“Tysvær kommune bruker digitale løysingar for å sikra god kommunikasjon og effektiv ressursbruk”

Tysvær SV:



- Leggja stor vekt på personleg kontakt og tilgjengelegheit, i tillegg til digitale samhandlingsløysingar i dialogen med innbyggjarar og næringsliv.
- Vidareutviklar velferdsteknologi for å fremja eigenmeistring, utan å enda opp med robotstyrte kvardagar og mangel på menneskeleg kontakt. All teknologi kan misbrukast, og kunstig intelligens må styrast!
- Me vil støtte tiltak for bevisst og formålstenleg bruk av digitale hjelpemiddel i skulen og god og mobbefri framferd på sosiale forum.
-

Kommuneplan:

«I Tysvær har me ein heilskapleg bustadpolitikk for innbyggjarane i alle livsfasar, og med ulik bakgrunn og ressursar»

Tysvær **SV**:



- Differensiering av bustadar, ta omsyn til estetikk og funksjonalitet. Unngå konformitet i form av «grå kassar». Livsløpsstandard og universell utforming av bustadar og uteområde i alle bygder.
- Legga til rette for at alle innbyggjarane skal kunna eiga bustaden tilpassa sin økonomiske situasjon.
- Jobbar saman for at innbyggjarane kan leva aktive liv og bu trygt i eigen heim så lenge som mogeleg, ved å leggja til rette for tilpassing av bustad og utvikling av nye buformer. Gjerne generasjonsbustadar eller bufellesskap som legg vekt på sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.
- Støtte til energisparing i form av solcellepanel, bergvarme, varmpumper m.m. Både privathus, næringsbygg og tenestebygg skal vera pålagde og få støtte til klima- og energivenlege løysingar.

Kommuneplan:

«I Tysvær er me saman om å skape ei regional og lokal næringsutvikling»



Me vil arbeida for at Tysvær kommune skal støtta opp om verksemdar som tar sin del av ansvaret, med alle dei verkemidlar ein kommune kan nytta.

Landbruket skal vera ein garantist for mattryggleik, men kan og vera ei stor kjelde til forureining. Tysvær SV vil arbeida for eit sterkt vern av produktivt jordbruksareal, stimulera til berekraftig produksjon, arbeida for at produkt får kortast mogleg veg frå produsent til forbrukar, og leggja til rette for lokalt sal som gardsbutikkar og torg.

Tysvær SV vil leggja til rette for, og støtta lokale tiltak. Me vil at matjord blir utnytta til nettopp mat. Etter mange år med nedlegging av bruk, trur me at trenden vil snu og at mange fleire får augo opp for verdien av sjølvforsyning og eit levande, småskala og differensiert jordbruk.

Det er ei utfordring at me importerer høgt kvalifisert arbeidskraft frå land som kunne hatt bruk for arbeidskrafta sjølv. Dette skjer samstundes som me har problem med å sysselsetja menneske som har fått opphald i Noreg. I møte med denne ubalansen vil Tysvær SV vera særst årvakne for tilrettelegging og yrkesretta opplæring blant innvandarane våre som har eit ekstra stort behov for integrering og meningsfulle liv.

Kommuneplan:

- **«I Tysvær har me ei næringsutvikling som fremmer økonomisk utvikling i kommunen og regionen»**

Tysvær SV:

Eit ekte grønt skifte, ikkje berre grønmaling

- Næringslivet og kommunen samarbeider om å koplja innovasjon, næringsutvikling og politikk. Eit anstendig arbeidsliv. Likestilling. Heile stillingar.
- Tysvær SV støttar etablering av bedrifter som vil ha reell effekt på det grøne skiftet.
- Øyremerka ressursar til næringsutvikling og andre tiltak i bygdene. Betre koordinering av innsatsen.
- SV vil stille krav om anstendige arbeidsvilkår ved offentlege innkjøp.



- SV i Tysvær vil arbeida for at Tysvær kommune blir skatteparadis-fri sone.
- SV i Tysvær støttar prinsippet om at forureinar betalar.
- Tysvær SV vil at det skal leggjast fram eit miljørekneskap i forkant av utbygging av næringsverksemder.
- Me er positive til areal- og kraftkrevjande verksemd dersom desse gjev global klimaeffekt og kan gjennomførast utan å øydeleggja meir natur. Me må til dømes seia nei til evt datasenter og kryptomining.
- Me ynskjer tilgang på nærings- og handelsareal i alle delar av kommunen.
- Tysvær SV vil samarbeida med Fagforbundet lokalt.

Kommuneplan:

«I Tysvær er det aktive, trygge og moderne primærnæringar»

Tysvær SV:



- Dyrevelferd er viktig.
- Tysvær SV vil leggja til rette for, og støtta lokale tiltak for miljø- og matvenleg utnyttig av jord. Det skal vera plass for både heiltids- og deltidsbonden.
- Leggja til rette og ta vare på lokalt fiskeri som næring og kulturberar.

Kommuneplan:

«Tysvær er ein framtidsretta og imøtekommande vertskommune for næringslivet»


Tysvær SV

- God miljøpolitikk er òg god næringspolitikk. Tysvær kommune treng eit allsidig næringsliv, med aktørar både innan landbruk, fiske, industri og service. Me vil koma næringslivet i møte og samarbeida for å finna gode løysingar, men me vil og stilla tydelege miljøkrav!

- Eit godt, innovativt og langsiktig næringsliv skal arbeida for at kvar einskild bedrift skal setje minst mulig miljø- og klimaavtrykk
- SV vil arbeida for at Tysvær kommune sikrar at leverandørar av tenester til kommunen ikkje bidreg til sosial dumping.
- Tysvær SV vil vera pådrivarar for at verksemdar som ikkje følgjer opp miljøkrav skal stillast til ansvar, og sikra at forureining blir handtert og betalt for av den som står for forureininga.

Kommuneplanen:

»Ein aktiv og inkluderande kommune«



I kommuneplanen blir det presentert mange gode intensjonar som også SV deler. Døme på dette er at i «Tysvær leves det gode liv med like muligheter for tysværbuer i alle aldre. Innbyggere opplever god livskvalitet, mestring, tilhørighet, trygghet og inkludering. Innbyggerne kan, ut fra sin forutsetning, delta likeverdig og aktivt i utviklingen av lokalsamfunnet, og det har medført at kommunen har utviklet en mangfoldig, aldersvennlig og helsefremmende kommune basert på tillit til hverandre.»

Formuleringa «Sammen jobber vi for at ingen skal utelates, og vi prioriterer de mest sårbare», er også ei av SV sine hjertesaker.

Kommuneplan:

«I Tysvær er alle innbyggjarar aktive samfunnsdeltakarar som har tillit til kvarandre «

Tysvær SV:



- Innbyggjarane må involverast så tidleg i prosessane at det har reell effekt på samfunns- og tenesteutviklinga. Samsvar mellom ord og handling!
- Frå vogge til grav vera merksame på risikofaktorar, og systematisk motarbeida skeivutvikling. Tidleg innsats og god koordinering av tverrfaglege bidrag.
- Involvera bygdelag og lokalmiljø aktivt i prosessar for fremming av næringsutvikling og sosiale tiltak.

Kommuneplan:

«Innbyggjarane i Tysvær har god helse og livskvalitet, og det er små sosiale forskjellar»

Tysvær SV:

- Legg til rette for at innbyggjarar i størst mulig grad kan bu heime i lokalmiljøet dersom dei ynskjer det. Kommunen kan tilby ambulante tverrfaglege tenester i staden for storskala sentralisering.
- Me vil pressa på for relevante støymålingar av alle frekvensar rundt vindkraftanlegga og leggja restriksjonar



**Utgreiing av
helse og
vindkraft**

på drifta slika at støyen ikkje går ut over naboane. Målingane må difor også gjerast ved husveggene og innvendig.

Kommunen må som støymyndigheit følgja nøye med på støyplagene som blir rapporterte og syta for uavhengig folkehelseundersøking.

Kommuneplan:

«Tysvær har god stadutvikling i heile kommunen med attraktive bu- og nærmiljø»

Tysvær SV:



**Kommunal
språkplan**

- Særleg fokus på barn og unge. Naturleg leik og kreativitet må styrkast både i barnehage og skule. Kontakt med natur og miljø. Gjerne forsøk med heildagsskule med eit varmt måltid. Skulehage. Leksehjelp på skulen. Støttar skular som vil gjera forsøk med leksefri heimetid.
- Når det gjeld behov for ev framtidige strukturendringar, skal folk bli tatt med på råd *tidleg* i prosessen.
- Tysvær-dialekten må takast vare på; samanheng mellom skriftspråk og dialekt bevisstgjerast. Nynorsk er under sterkt press, og språklova pålegg det offentlege eit særskilt ansvar for å støtta det minst brukte språket. Sikra nynorskklasse i ungdomsskulen. Innføra språkplan.
- Utvikla kollektivtilbodet i heile kommunen, med spesielt fokus på unge og eldre.
- Syta for at det er barnehagar, skular og andre tilbod i alle delar av kommunen, så det er attraktivt for barnefamiljar å busetja seg der.

Kommuneplanen:

«I Tysvær er me saman om å skapa ei grønare utvikling»



Innhaldet i «Det grønne skiftet» er i dag omfamna av sterke kapitalkrefter. Det er sjølvsagt nødvendig for å få til endring, men me kan og sjå at tiltaka har meir preg av grønvasking enn av reelle tiltak med global effekt. Elektrifisering av sokkelen eller for den saks skuld elektrifisering av Kårstø er døme på dette. Utsleppa går ned nasjonalt, men blir flytta ut i Europa og den felles atmosfæren vår.

Forureining og forbruk av jord, luft, vatn og sjø er ein realitet me må ta inn over oss. Samstundes stiller klimaendringane oss ovanfor massive utfordringar.

Til dømes fører tap av insekt til nedsett pollinering som igjen skadar artsmangfald og avlingar. SV vil støtta naturvennlige løysingar som vernar alt frå mikroorganismar til rovdyr og menneske.

Opne oppdrettsanlegg kan vera kjelde til direkte forureining i form av kloakk frå fisken og i form av utslepp av medisin og fôrrestar. Dette er særleg problematisk i terskelfjordar og lange fjordarmar med lite utskifting, slik som me har i Tysvær. Tysvær SV krev at slik verksemd må leggjast til anlegg som har full kontroll på avløp med absolutt beste kjende teknologi og utnytting av oppsamla næring til jordforbetring. Terskelfjordane våre er ueigna til slike anlegg.

Tysvær SV vil stimulera til energioekonomisering i eigne bygningar og meir miljøvennleg produksjon av alternativ energi. Tysvær kommune må som medeigar i Haugaland Kraft gå føre med eit godt eksempel i dette arbeidet, og store overskot tilbakeførast til kommunen i form av støtte til enøk-tiltak.

Som medeigar i HIM må Tysvær vera ein pådrivar for lokal og klimavennleg handtering av avfall. Det bør vera eit mål for kommunane på Haugalandet at dei sjølve kan ta hand om og utnytta til dømes matavfall, bygningsavfall og plast utan å måtta transportera avfallet over lange avstandar.

I staden for storsatsing på firefelts motorvegar på Vestlandet ynskjer me desentraliserte tenester og produksjon for å redusera behovet for mobilitet.

Kommuneplan:

«Tysvær er ein kommune med fokus på grøn omstilling»

Tysvær SV



- Kommunen lagar årlege klimabudsjett og klimaregnskap som styringsverktøy, og reduserer klimafotavtrykket frå kommunal drift gjennom aktiv miljøleing. *Tysvær SV vil at det skal leggjast fram eit miljørekneskap i forkant av utbygging av kvar enkelt næringsverksemd*
- Me ynskjer utvikling av bumiljø i alle delar av kommunen der ein til liks med sentrale område er sikra trygg ferdsel på gang- og sykkelstiar. Kollektivtransport er viktig, også for å få eldre til å bu og trivast lengre heime.
- Tysvær kommune må som medeigar i HIM i samarbeid med dei andre kommunane arbeida aktivt for lokal handtering og utnytting av til dømes mat-, plast- og bygningsavfall med minst mulig transport og lågt klimaavtrykk.

Kommuneplan:

«I Tysvær har kommunen og innbyggjarane kvardagfokus på ansvarlig forbruk og ein klimavennlig kvardag»

Tysvær SV



- SV vil fremja politikk for auka kunnskap om all forureining, også plast og lys. Stimulera til for eksempel strandryddeaksjonar.
- Tysvær SV vil stimulera til energiøkonomisering i eigne og private bygningar og meir miljøvennlig produksjon av alternativ energi som solceller og grunnvarme.
- Kvar enkelt innbyggjar må motiverast til meir aktivt gjenbruk, og støtta ulike tiltak for delingsøkonomi.
- Opphogging av oljeinstallasjonar må leggjast til anlegg som har full kontroll på avløp og vidare destruksjon.

Kommuneplan:

«Tysvørsamfunnet tar vare på naturmangfald, kulturlandskap og grøntstruktur»

Tysvær SV:



- Tysvær SV ønsker langt sterkare miljøkontroll med oppdrettsanlegg!
- Tysvær SV seier klart nei til meir vindindustri. Det skal ikkje setjast av areal til dette i kommunen
- Dersom det blir søkt om fleire gardsturbinar, må det utarbeidast strenge krav og rutinar som vare på naboar og andre faktorar i omgivnadane.
- Tysvær SV støttar Etne kommune sitt krav om sjø- og jordkabel Blåfalli Gismarvik
- Auka satsing på å kartleggja og ta vare på kulturminne og kulturmiljø som til dømes bekkeverner og sagbruk . Ein må vera svært restriktiv til tekniske inngrep i kulturlandskap som viser særpreget ved si eiga historie.
- Kommunen skal ikkje gje etter for press frå tiltak som vil utfordra måla i vassforskrifta.
- Kommunen må i samarbeid med andre kommunar gjera koordinatorstilling i **Vannområde Haugaland** permanent. Også det interkommunale **Frivillige tiltak i landbruket** må vidareførast.
- Tysvær kommune må i samråd med **Vannområde Haugaland** søkja om og setja av årlege midlar til restaurering av natur som til dømes ureine ferskvatn og bekker slik Sjøaureprosjektet i Tysvær er eit glimrande døme på.